

05å

FISKERIDIREKTOREN  
BIBLIOTEKET

19 APR. 1994

# ÅRSMELDING 1993



**FISKERIRETTLEIAREN I SØRE MIDTHORDLAND**



**ÅRSMELDING FOR 1993.**

**FISKERIRETTLEIAREN I SØRE MIDTHORDLAND**

**1. Fiskerirettleiarens tenestedistrikt**

**2. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.**

2.1. Personal/Fiskerikontoret.

2.2. Korresopndanse.

2.3. Fiskerikontorets arbeidsoppgåver/møteverksemnd.

2.4. Fiskerinemnder/møteverksemnd/saker.

2.5. Administrative erfaringer med tenesta i meldingsåret.

**3. Sysselsettinga i fiskeri- og Fiskeoppdrettsnæringa.**

3.1. Fiskarmanntalet

3.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

3.3. Sysselsettinga ved oppdrettsanlegga.

**4. Fiskeflåten, merkeregisteret, konsesjonsbilete.**

4.1. Austevoll Kommune

4.2. Os Kommune

4.3. Fusa Kommune.

4.4. Tysnes, Samnanger, Kvam og Jondal Kommune.

**5. Fiskeflåtens aktivitet.**

**6. Fiskeoppdrettsnæringas samansetning og aktivitet.**

**7. Fiskeindustrien - mottak - foredling, aktivitet i 1993.**

**8. Avleia verksemnd i Austevoll.**

**9. Summering.**


9.1. Fiskeinæringa.

9.2. Oppdrettsnæringa.

9.3. Fiskeindustri/mottaksleddet.

**10. Os, Fusa, Tysnes, Samnanger, Kvam og Jondal.**

## 1. Fiskerirettleiarkontorets tenestedistrikt.



Hovudkontorstad: Austevoll Kommune

Utvila funksjonsdistrikt slik:

Os kommune med 1 kontordag pr. veke frå 1982.

Fusa Kommune med 2 kontordagar pr. mnd. frå 1982.

Tysnes Kommune med 1 kontordag pr mnd. frå 1984.

Samnanger Kommune utan faste kontordagar frå 1984.

Kvam Kommune med 2 kontordagar pr. mnd. frå 1990.

Jondal Kommune utan faste kontordagar frå 1992.

**Austevoll Kommune:**

- \* ein typisk kystkommune med 667 holmar og skjær og 337 km strandline. Folketalet er omlag 4.200.
- \* ein av Norges største fiskeri-og oppretttskommunar.
- \* næringslivet i kommunen er også sterkt engasjert i olje-verksemda i Nordsjøen.
- \* stor friluftsinteresser og småbåtutfart sumarstid.

**Os Kommune:**

- \* ein typisk vekstcommune med folketal tett på 13.000. Relativ stor strandline, store friluftsintereser og nært tilknyting til Bergen.
- \* næringslivet i kommunen er hovudsakleg handel, bygg og anlegg. Fiske og fiskeoppdrett utgjer ein mindre del av næringslivet.

**Fusa Kommune:**

- \* ein blanding av kyst-og fjordcommune med folketal ca. 3.700
- \* primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiskeoppdrett utgjer ein vesentleg del av næringslivet. Fiskerinæringa utgjer ein mindre del.
- \* ein del jakt og friluftsliv, mest skog og fjell.

**Tysnes Kommune:**

- \* ein kyst-og fjordcommune med relativ stor strandline og folketalet på ca. 2.900.
- \* jordbruk, skogbruk og fiskeoppdrett utgjer ein vesentleg del av næringslivet. Fiskerinæringa utgjer berre ein mindre del.
- \* store friluftsinteresser og småbåtutfart på sumarstid. Ein del jakt i skog og mark.

**Samnanger Kommune:**

- \* ein innlandscommune med kun Samnangerfjorden som kyststripe. Folketalet er ca. 2.400.
- \* offentleg service, ingustri, bygg og anlegg utgjer det vesentlege av kommunens verksemnd.
- \* store friluftsinteresser som jakt og fiske i skog og fjell, samt vesentleg skiturisme vinterstid.

Kvam Kommune:

- \* ein innlandskommune med kyststripe som grensar til Hardangerfjorden. Folketalet er ca 8.600.
- \* hovuddelen av næringslivet utgjer industri, skog-og jordbruk. Fiskeoppdrett er også ein del av næringslivet i kommunen.
- \* store friluftsinteresser som jakt og fiske i skog og fjell. Fine turløyper, samt stor skiturisme vinterstid.

Jondal Kommune:

- \* ein innlandskommune med kyststripe som grenser til Hardangerfjorden. Folketalet er ca 1.250.
- \* næringslivet i Jondal er i hovudsak industri, skog-og jordbruk. Fiskeoppdrett utgjer også ein mindre del av næringslivet.
- \* store friluftsinteresser, med aktivt idrettslag. Fine turløyper, stor skiturisme heile året.

## 2. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.

### 2.1. Personal/Fiskerikontoret.

Fiskerirettleiari Hans Austevoll  
Konsulent Ingebrigt Austevoll  
Førstefullmektig Gurli Heimark

Alle i full stilling, med fiskerikontor som er adskilt og delt i 3 rom. Ingebrigt Austevoll hadde permisjon fra 18.05. - 31.10.93.

I Os vert det nytta eige kontor i sentrumskvartalet av Osøyro, medan det i Fusa, Tysnes og Kvam vert nytta kontor tilknytta formannskapskontora.

### 2.2. Korrespondanse.

Inn-og utgåande brevjournal:	1989	1990	1991	1992	1993
Totalt inngåande	1.311	1.357	1.139	1.193	1.204
Totalt utgåande	1.390	1.489	1.267	1.482	1.268

Korrespondansen er noko varierande fra år til år.

### 2.3. Fiskerikontorets arbeidsoppgåver/møteverksemnd.

Som sekretariat for fiskerinemndene i heile tenestedistriktet så medgår ein god del arbeid med tilrettelegging av saker som vert handsama i fiskerinemndene.

Fiskerikontorets arbeidsoppgåver/møteverksemnd forøvrig var i 1993 i grove trekk som følgjande:

- \* div. kystsoneplanarbeid i Austevoll, Tysnes, Os og Jondal.
- \* aktivt arbeid med strategisk næringsplan i Austevoll, Fusa, Tysnes og Sunnhordland.
- \* søker, synfaring og møter vedk. lokaliteter for laks og aure.
- \* div. havnesaker.
- \* div. søker til Fiskeridirektoratet.
- \* fiskarmanttal - merkeregister- og garantikassesaker m.m.
- \* deltaking vedk. diverse tiltaksarbeid i kommunane.

- \* div. møter og deltaking i Austevoll Fiskeoppdrettslag.
- \* deltaking i ulike delegasjonar for ekskursjonsturer i Austevoll.
- \* div. møter i Bergen, hos Fiskerisjef, Fiskeridirektoratet og andre.
- \* medlem i referansegruppa for rettledningstenesta vedr. omorganisering av ytre tat av Fiskeridirektoratet.
- \* medlem av tilsettingsrådet i Fiskeridirektoratet.

#### 2.4. Fiskerinemnder/møteverksemnd/saker.

Austevoll og Tysnes kommune har eigne fiskerinemnder med 5 medlemmar i kvar nemnd.

Os, Fusa og Samnanger kommune har felles fiskerinemnd med 3 medl. frå Os, 2 medl. frå Fusa og 1 medlem frå Samnanger.

Kvam og Jondal har felles fiskerinemnd med 3 medlemmar frå Kvam og 2 medlemmar frå Jondal.

Saksmengda frå fiskerinemndene i 1993.

Austevoll kommune        3 møter og tot. 58 saker til handsaming

Os, Fusa og Samnanger kommune  2 møter og tot. 33 saker.

Tysnes kommune            3 møter og tot. 10 saker.

Kvam og Jondal kommune     2 møter og tot. 15 saker.

P.g.a. nedskjæring på budsjetta så har det vore ferre møter i fiskerinemndene.

Sakshandsaminga har av same årsak føregått i stor grad ved utsending av sakene fortløpande til nemndsmedlemmane saman med forslag til uttale frå den aktuelle nemnda med oppmoding om tilbakemelding av eventuelle merknader.

Dette er ei ordning som reint teknisk har fungert godt, men fagleg føler vi eit sakn av den dialogen som føregår i nemndsmøtene.

Når det føreligg "tyngre" saker så vert det sjølvsagt kalla inn til ordinære møter.

### AUSTEVOLL FISKERINEMND

Medlemmer:

Inge Halstensen, leiar	5397 Bekkjarvik
Kåre K. Sandtorv, n.leiar	5392 Storebø
Reidun Jørgensen, medl.	5387 Møkster
Martha Våge, medl.	5398 Stolmen
Lars Ove Stenevik, medl.	5397 Bekkjarvik

### FISKERINEMNDA I OS, FUSA OG SAMNANGER

Medlemmer:

Eva Kernes Røttingen, leiar.	5228 Lepsøy
Jostein Røttingen, medl.	5228 Lepsøy
Rolf Bugge, medl.	5220 Hagavik
Marit Nymark, n. leiar	5648 Holmefjord
Arne Ådland, medl.	5640 Eikelandsosen
Elvin Jørgensen, medl.	5650 Tysse

### FISKERINEMNDA I TYSNES

Medlemmer:

Svein Tore Flakke, leiar	5694 Onarheim
Helge Hystad, n. leiar	5694 Onarheim
Sigmund Haukefær, medl.	5693 Reksteren
Gjermund Rosseland, medl.	5694 Onarheim
Trygve Storetvedt, medl.	5680 Tysnes

### FISKERINEMNDA I KVAM OG JONDAL

Medlemmer:

Sveinung Havrevoll, leiar	5610 Øystese
Olaf L. Kvamsøy, medl.	5610 Øystese
Ingolf Nordtveit, medl.	5633 Mundheim
Knut Haugen, n. leiar	5628 Herand
Håkon D. Sandven, medl.	5627 Jondal

Saker til handsaming i 1993.

**Austevoll Fiskerinemnd:**

- \* 10 søknader til Statens Fiskarbank som t.d. lånesøknad ved overtaking av fartøy, redskapslån, fartøylån, kontraherings-tilskott og arbeidsmiljøinvesteringer.
- \* 10 søknader til Fiskerisjefen vedr. laks og aure, nye driftslokalitetar, midlertidige lokalitetar m.m.
- \* 4 søknader til Fiskseridirektoratet om ervervelse av eige-domsretten til fiskerartøy, konsesjonsauke, eigedomsendring.
- \* 20 søknader om løyve til bruk av areal i eit område avgrensa til 100 m frå strandlinia.
- \* referatsaker
- \* fiskarmannntalsaker
- \* garantikassesaker
- \* forslag til praktiske fiskeforsøk og veiledningsteneste for 1993
- \* uttale vedk. flytting av fortøyningsbolt.
- \* uttale vedk. søknader om omklassifisering av fiskerikai
- \* uttale vedk. utlegging av flytebryggjer og bygging av kai
- \* uttale vedk. søknad om bygging av verksted på almennings-areal.
- \* uttale vedk. forslag til ny lov om laksefiske og innlands-fiske.
- \* uttale vedk. søknad om permanent flytting av oppdretts-anlegg, ut av Austevoll kommune.
- \* uttale vedk. Kystsoneplan for Austevoll
- \* uttale vedk. fast vegtrase mellom Stolmen og Selbjørn.

Os, Fusa og Samnanger Fiskerinemnd.

- \* 1 søknad til Statens Fiskarbank om redskapslån
- \* 2 søknader til Fiskerisjefen vedr. omlokalisering av fiskeoppdrettsanlegg.
- \* 14 søknader til uttale vedk. bruk av areal i eit område avgrensa til 100 m frå strandlinna
- \* uttale vedk. søknad om utlegging av sjøkabel.
- \* uttale vedk. søknad om molo i Samnanger.
- \* uttale vedr. rullering av kommuneplan for Os.
- \* uttale vedk endra bruk av Amundsneset i Os
- \* uttale vedk. reguleringsplan.
- \* uttale vedk. bygging av kai i Fusa.
- \* referatsaker.
- \* fiskarmannntalsaker.
- \* Garantikkassesaker.

Tysnes Fiskerinemnd.

- \* 2 søknader vedk. oppdrett av laks og aure, ny lokalisering, og samlokalisering.
- \* fiskarmannntalsaker.
- \* referatsaker.
- \* uttale vedk. søknad om utlegging av fiberoptisk sjøkabel over Langenuen.
- \* uttale vedk. registrering/konkretisering av friluftsinteressene i Tysnes.
- \* uttale vedk. søknader om oppføring av ferjekai i Tysnes.
- \* uttale vedk. reguleringsplan.

### Kvam og Jondal Fiskerinemnd.

- \* 5 søknader til Fiskerisjefen vedr. lokalisering av fiskeoppdrett.
- \* uttale vedk. søknad om utfylling i sjø.
- \* referatsaker.
- \* fiskarmanntalet.
- \* uttale vedk. sikringssoner for laksefisk i Hordaland.
- \* uttale vedk. regulering av fiske etter anadrome laksefisk i Hordaland.
- \* uttale vedk. mudring/seglingsled for Norheimsund småbåtlag.
- \* Rettledningstenesta - faste kontordagar i Norheimsund.

### 2.5. Administrative erfaringer med tenesta i meldingsåret.

Med den bemanninga rettleiarkontoret i Austevoll har, så må me kunna seia at rettleiartenesta fungerer godt. Dei tilsette har samla relativt godt kjennskap til dei ulike ledd innanfor fiske-og akvakulturnæringa innanfor vedkomande tenestedistrikt, og vi har i dei fleste høve møtt positiv samarbeidsvilje.

Næringsutøvarane/fiskerinemndene har vore lett å få kontakt med, og me har følt at dei har sett pris på dei tenestene me har kunna vore hjelpelege med.

### 3. Sysselsettinga i fiskeri- Og fiskeoppdrettsnæringa.

#### 3.1. Fiskarmanntalet.

Tabellane nedanfor syner fiskarmanntalet ved åsskifte, kommuenvis.

Blad A - Fiske som attåtnæring.

Blad B - Fiske som hovudyrke/eineyrke.

Austevoll Kommune

År	Inn-deling	Fiskarar etter aldersgrupper								Tot.
		<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>70	
1991	Blad A	-	-	1	2	4	8	8	42	65
	Blad B	21	70	61	40	16	9	-	2	219
	Totalt	21	70	62	42	20	17	8	44	284
1992	Blad A	-	-	-	3	4	9	6	43	65
	Blad B	21	77	59	41	16	6	-	2	222
	Totalt	21	77	59	44	20	15	6	45	287
1993	Blad A	-	-	-	2	3	6	7	46	64
	Blad B	22	84	61	44	19	4	1	-	235
	Totalt	22	84	61	46	22	10	8	46	299

Fiskarmanntalet for Austevoll viser ein klar trend til rekruttering/auke i 1993. Aldersgruppa frå 20 - 30 år toppar klart statistikken.

Os Kommune

År	Inn-del-ing	Fiskarar etter aldersgrupper								Tot.
		<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>70	
1991	Bl. A	-	-	2	-	1	2	1	8	14
	Bl. B	-	19	14	9	9	5	-	2	58
	Tot.	-	19	16	9	10	7	1	10	72
1992	Bl. A	-	-	2	-	1	2	1	7	13
	Bl. B	2	23	13	12	9	3	2	2	66
	Tot.	2	23	15	12	10	5	3	9	79
1993	Bl. A	-	-	1	1	1	1	4	8	16
	Bl. B	3	23	13	13	7	5	-	-	64
	Tot.	3	23	14	14	8	6	4	8	80

Fiskarmanntalet i Os er omlag som året før, med flest fiskarar i aldersgruppa 20 - 40 år.

Fusa Kommune

År	Inn-deling	Fiskarar etter aldersgrupper								Tot.
		<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>70	
1991	Bl. A	-	-	-	-	2	1	-	5	8
	Bl. B	2	5	3	6	4	1	-	1	22
	Tot.	2	5	3	6	6	2	-	6	30
1992	Bl. A	-	-	1	-	-	1	-	4	6
	Bl. B	-	7	3	4	5	2	-	1	22
	Tot.	-	7	4	4	5	3	-	5	28
1993	Bl. A	-	2	-	-	2	-	1	5	10
	BL. B	-	5	1	3	2	3	-	-	14
	Tot.		7	1	3	4	3	1	5	24

Fiskarmanntalet i Fusa viser ein nedgang på bl. B og ein auke på bl. A. Totalt sett så er det færre fiskarar i Fusa i 1993.

Tysnes Kommune

År	Inn-del-ing	Fiskarar etter aldersgrupper								Tot.
		<20	<30	<40	<50	<60	<67	<70	>70	
1991	Bl. A	-	-	1	2	1	1	2	4	11
	Bl. B	-	-	1	2	3	1	-	1	8
	Tot.	-	-	2	4	4	2	2	5	19
1992	Bl. A	-	-	1	1	2	1	1	6	12
	Bl. B	-	-	-	3	3	1	-	-	7
	Tot.	-	-	1	4	5	2	1	6	19
1993	Bl. A	-	-	1	1	1	1	1	6	11
	Bl. B	1	-	-	2	5	1	-	-	9
	Tot.	1	-	1	3	6	2	1	6	20

Fiskarmanntalet i Tysnes viser små endringer.

Samnanger Kommune: 4 på blad A og 3 på blad B.

Kvam Kommune : 1 på blad A og 10 på blad B.

For samlede kommunar ovanfor så er A fiskarar mest eldre personar på over 70 år og verksemnda deira kan ein nærmast reknast som hobbyverksemnd.

3.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

Austevoll Kommune

Navn	Heiltidstils.				Deltidstils.			Årsverk		
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot
<u>Austevoll Fiske-industri A/S.</u>	-89	24	24	48	30	30	60	35	40	75
Kj.løyve oppdr.-fisk, forkjøkken, røykeri, makrell-mottak, fryseri.	-90	25	25	50	50	53	103	50	50	100
	-91	25	25	50	60	60	120	60	60	120
	-92	25	25	50	60	60	120	55	55	110
	-93	36	26	52	60	60	120	50	40	90
<u>Norsk Akvakultur A/S.</u>	-89	1	4,5	5,5	10	30	40	10	24	34
Kj.løyve oppdr.-fisk, røyking m.m	-90	1	3	4	15	40	55	3	17	20
	-91	1	5	6	15	40	55	5	20	25
	-92	3	3	4	15	40	55	4	14	22
	-93	1	3	4	15	40	55	7	23	30
<u>Møkster pakkeri A/S.</u>	-89	-	1	1	5	10	15	4	10	14
Pakking av laks og mottak av kvitfisk.	-90	-	1	1	4	9	13	4	7	11
	-91	-	1	1	4	9	13	2	4	6
	-92	Drifta er innstiltt inntil videre								
	-93	Ikkje drift i 1993								
<u>Nye Austevoll røykeri A/S</u>	-89	2	2	4	8	18	26	3	6	9
Røyking av laks	-90	3	1	4	2	7	9	4	5	9
	-91	2	1	3	2	7	9	3	7	10
	-92	Drifta er innstiltt inntil videre								
	-93	Ikkje drift i 1993								
<u>Stolmen Industri-hus A/S.</u>	-89	-	1	1	10	30	40	5	10	15
Pakking av laks	-90	-	1	1	1	18	25	2	10	12
	-91	-	1	1	7	15	22	4	10	14
	-92	-	1	1	7	15	22	4	5	7
	-93	Ikkje drift i 1993								

Os Kommune

Navn	Heiltidstils.				Deltidstils.			Årsverk		
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot
Gje-Vi Røykeri A/S. Pakking av laks, røyking av laks, laksefilitering, m.m.	-91	2	3	5	12	20	32	7	13	20
	-92	1	2	3	10	18	28	8	17	25
	-93	1	2	3	10	20	30	10	25	35

Fusa Kommune

Navn	Heiltidstils.				Deltidstils.			Årsverk		
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot
Bolaks/Osenfisk A/S. Pakking av eigen lakseproduksjon.	-91	-	-	-	10	17	27	3	6	9
	-92	1	-	1	1	9	10	1	6	7
	-93	1	-	1	3	10	13	2	5	7
Holmefjord Fryseri. Filitering og røyking av laks.	-91	1	1	2	1	1	2	1	1,5	2,5
	-92	1	1	2	1	1	2	1	1,5	2,5
	-93	1	1	2	5	5	10	2	1	3
Norway Foods A/S Nedlegging av sardiner.	-91	10	24	34	3	11	14	12	30	42
	-92	10	23	33	3	6	7	11	29	40
	-93	10	23	33	1	10	11	10	30	40

Tysnes Kommune

Navn	Heiltidstils.				Deltidstils.			Årsverk		
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot.
Tysnes Fiskemottak. Tek mot fisk for Vestnorge Fiske- salgsdag.	-91	2	4	6	-	3	3	2	5	7
	-92	2	-	2	-	3	3	2	1,5	3,5
	-93	3	-	-	-	-	-	3	-	3

Rexstar A/S, verksemnda for mottak av laks og aure ved Reksteren i Tysnes, tok opp att drifta frå nov.-93, med 17 personar på full tid, ca 3 årsverk som kjem i tillegg til tabellen ovanfor.

Kvam Kommune

Navn	Heiltidstils.				Deltidstils.			Årsverk		
	År	M	K	Tot	M	K	Tot	M	K	Tot
Hardanger Fiske- foredling A/S.	-91	8	17	25	-	5	5	7	15	22
Pakking av laks, m.m.	-92	2	1	3	11	16	27	10	10	20
	-93	10	8	19	10	11	21	13	12	25

### 3.3. Sysselsetting ved oppdrettsanlegga.

Kommune	Heiltidstils.	Deltidstils.	Arsverk
Austevoll	50	10	55
Os	7	5	9
Fusa	48	10	53
Tysnes	19	10	24
Samnanger	3	2	4
Kvam	12	8	15
Jondal	8	4	9

Tabellane framom syner sysselsettinga i fiskeri- og fiskeoppdrettsnæringa for dei einskilde kommunar.

Fiskarmantalalet viser trend til auke, særleg i Austevoll, medan sysselsettinga i foredlingsleddet, bortsett frå Os og Kvam viser ein liten nedgang i talet på årsverk.

Sysselsettinga ved oppdrettsanlegga er omlag som året før men med litt omskifting i arbeidskrafta i takt med flytting av anlegg frå den eine til den andre kommunen innan tenestedistriktet.

Både fiskarmantalalet og dei tilsette på fiskeoppdrettsanlegga er hovudsakleg mannspersonar, medan arbeidsplassane ved mottaksapparatet på land viser det motsatte, der det er kvinner som utgjer hovuddelen av arbeidskrafta.

### 4. Fiskeflåten, merkeregisteret, konsesjonsbilete.

#### 4.1. Austevoll.

Austevoll Kommune er ein av landets største fiskerikommunar med følgjande flåtesamansetting i 1993.

- \* 19 store fartøy m/ringnotkonsesjon frå 4.900 til 15.000 hl  
11 av desse fartøya har også kolmuletrålkonsesjon. Eit av fartøya er i Kystvakta.
- \* 1 konbinert fartøy 90 fot, garn, snurrevad og ringnot.
- \* 1 industritrålfartøy, kondemnert i 1993.
- \* 1 brisling/sild fartøy.
- \* 2 reketrålfartøy i Nordsjøen.
- \* 110 mindre merkeregistrerte fartøy som består av sjarkar og små åpne båtar.

LENGDE	TOTALT	BYGGEAR										BYGGEVARE			
		IFNR	1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-84	1985-89	ET. 1989	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST	ANNET
0.0 - 4.9M	1	1	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	1	-
5.0 - 9.9M	92	1	1	-	-	7	17	39	18	8	1	1	44	48	-
10.0 - 14.9M	16	1	-	-	-	1	1	3	6	4	1	1	4	10	1
15.0 - 19.9M	5	1	1	-	-	2	1	-	1	-	-	-	4	-	-
20.0 - 24.9M	1	1	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-
25.0 - 29.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	1	-	-
35.0 - 39.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	1	1	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	1	-	-
UOPPGITT	17	1	-	3	3	-	4	-	6	1	-	17	-	-	-
TOTALT	134	1	3	3	13	20	43	25	18	3	1	20	53	60	-

Merkeregisteret for Austevoll viser 10 avganger og 9 tilganger av fartøy i 1993.

Både for avgang og tilgang var 2 større fartøy.

#### 4.2. Os.

LENGDE	TOTALT	IF#R	BYGGEAR								BYGGMATERIALE				
			1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-84	1985-89	ET.1989	STAL	TRE	PLAST	ANNET	
0.0 - 4.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
5.0 - 9.9M	41	I	1	1	3	7	15	10	2	-	2	21	20	-	
10.0 - 14.9M	5	I	1	1	-	-	2	1	-	-	-	3	1	-	
15.0 - 19.9M	3	I	1	1	1	-	-	-	-	-	-	3	-	-	
20.0 - 24.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
25.0 - 29.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
30.0 - 34.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
35.0 - 39.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
40.0 - 44.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
45.0 - 49.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
50.0 OG OVER	2	I	-	-	1	1	-	-	-	-	-	2	-	-	
UOPPGITT	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
TOTALT	51	I	3	3	5	8	17	11	2	-	2	2	27	21	1

\* 2 store ringnotfartøy, den eine har kolmuletrålkonsesjon.

\* 1 brisling-/sild fartøy.

\* 1 reketrålfartøy i Nordsjøen.

\* 43 mindre båtar, sjarkar o.l. utan spesielle fiskeløyve.

#### 4.3. Fusa.

LENGDE	TOTALT	IF#R	BYGGEAR								BYGGMATERIALE				
			1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-84	1985-89	ET.1989	STAL	TRE	PLAST	ANNET	
0.0 - 4.9M	1	I	-	-	-	-	-	1	-	-	-	1	-	-	
5.0 - 9.9M	23	I	-	-	1	3	7	5	6	1	-	6	16	1	
10.0 - 14.9M	7	I	-	-	1	-	2	3	1	-	-	1	4	-	
15.0 - 19.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
20.0 - 24.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
25.0 - 29.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
30.0 - 34.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
35.0 - 39.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
40.0 - 44.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
45.0 - 49.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
50.0 OG OVER	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
UOPPGITT	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
TOTALT	31	I	-	-	2	3	9	9	7	1	-	1	11	17	2

\* 2 brisling-/sild fartøy.

\* 29 mindre båtar, sjarkar o.l. utan spesielle fiskeløyve.

#### 4.4. Tysnes.

LENGDE	TOTALT	BYGGEAR									BYGGE MATERIALE				
		IFNR	1939	1940-49	1950-59	1960-69	1970-79	1980-84	1985-89	ET. 1989	UOPPGITT	STAL	TRE	PLAST	ANNET
0.0 - 4.9M	1	I	-	-	-	3	3	4	1	-	-	-	9	1	-
5.0 - 9.9M	16	I	-	-	-	3	3	3	1	2	-	-	1	1	-
10.0 - 14.9M	2	I	-	-	-	-	-	1	-	1	-	-	-	-	-
15.0 - 19.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
20.0 - 24.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
UOPPGITT	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
TOTALT	19	I	-	-	3	3	3	1	3	-	-	10	9	-	-

\* fiskefartøya i Tysnes er mindre båtar, sjarkar o. l., utan spesielle fiskeløyve.

**Kvam Herad** har 14 mindre fiskefartøy utan spesielle fiskeløyve

**Samnanger Kommune** har 11 mindre fiskefartøy utan spesielle fiskeløyve.

**Jondal Kommune** har 1 fiskefartøy utan spesielle fiskeløyve.

#### 5. Fiskeflåtens aktivitet.

##### Austevoll Kommune.

Havfiskeflåten frå Austevoll hadde eit særskilt aktivt år også i 1993, noko som gav positive utslag.

Dette refererer seg til loddefiske i Barentshavet, Jan Mayen og ved Island. Vidare makrellfiske, sild- og brislingfiske i Nordsjøen og Norskehavet, samt kolmulefiske vest for Dei Britiske Øyer.

Berre eit fartøy dreiv industritrålfiske i Nordsjøen, første halvår i 1993.

Tabellen nedanfor syner fangstresultatet frå Austevoll dei 12 siste åra. Fyrstehandsverdet har hatt stor auke dei 5 siste åra og resultatet frå 1993 er betre enn nokon gong før.

Austevoll Kommune - Havfiskeflåten.

År	Lodde	Makr.	Sild/ Brisl.	Kolm.	Tobb/ Augep.	Tot.	Tot.
	1000 HL	1000 HL	1000 HL	1000 HL	1000 HL	1000 HL	Mill. KR
1981	1.774	74	34	519	8	2.409	130,5
1982	1.648	133	99	562	25	2.467	131,9
1983	2.168	138	132	662	28	3.128	156,9
1984	1.365	268	281	663	43	2.590	161,4
1985	886	166	407	523	20	2.003	125,0
1987	300	200	480	480	40	1.500	145,0
1988	300	200	480	480	40	1.500	160,0
1989	169	369	380	726	11	1.682	169,0
1990	88	580	270	1.176	23	2.137	204,5
1991	685	442	550	560	20	2.257	239,0
1992	1.616	751	602	775	11	3.775	303,9
1993	1.078	822	872	1.040	-	3.814	338,8

I tillegg kjem ca 6 - 7 mill. kr i førstehandsverde frå eit brislinggartøy og sjarkane. Av sistnemte er det berre nokre få fartøy som driv fiske som heilårsnæring, rekefiske, not-og garnfiske etter sild, makrell, pale/sei, hå, torskefisk m.m. Bere 5 - 6 sjarkar fiska torsk nord for Stadt i 1993.

Os Kommune.

Fiskeriaktiviteten frå Os utgjer to ringnot-/kolmulefartøy og 12 - 15 mindre fartøy, sjarkar som dreiv aktivt fiske i 1993. Fyrstehandsverdet utgjer anslagsvis ca 25 mill kr der dei to havgåande fartøya utgjer hovuddelen av fangstresultatet.

Fusa Kommune.

6 - 8 mindre fartøy, sjarkar utgjer eit fangstresultat på ca. 400.000 kr., tot. 60 - 70 tonn.

Fiskeriaktiviteten frå Tysnes, Samnanger og Kvam utgjer ein endå mindre del i 1993.

## 6. Fiskeoppdrettsnærings samansetning og aktivitet.

### Austevoll Kommune.

- \* Framleis 25 konsesjonar for laks og aure, men to av desse vart ramma av konkurs i -93. Eit par andre anlegg hadde deler av drifta si i andre kommunar i 1993.
- \* 1 stejefiskanlegg i drift med 300.000 stk./år.
- \* 17 konsesjonar for marine arter. Berre 2 hadde drift i 1993 og eit av desse er Akvakulturstasjonen.

Fiskeoppdrettsanlegga ligg spreidd rundt om i kommunen. Store deler av strandlina i Austevoll går bratt i sjøen og gjev gunstige djupneforhold, samstundes som det er god straumgjennomgang mellom holmar og skjær.

Det er stor variasjon i anleggstyper, i konstruksjon og materialbruk, frå stive robuste anlegg til meir ledda konstruksjonar som ringar o.l. Fleire av anlegga har plattformer eller flytekaiar med driftsbygninger, for utstyr m.m. I praksis er dei blitt mobile anlegg, og med eit unntak, så må ein i båt for å koma til alle dei andre anlegga.

Oppdrettsnæringa i heile distriktet var inne i eit relativt vanskeleg år også i 1993 med lave marknadspriser, noko som medførte at oppdrettarane hadde store vanskar med å få økonomisk balanse i drifta. Det positive i næringa er at den ikkje slit med fiskesjukdomar i 1993. Tabellen nedanfor visser utvikling i oppdrettsnæringa dei siste 12 åra.

Austevoll Kommune

År	Kons. 1000 m <sup>3</sup>	Laksey. 1000 stk.	Aurey. 1000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
	1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-82	123	581	20	619	21.182	89	1.741
-83	126	689	4	1.491	51.597	42	877
-84	200	835	15	1.788	63.797	13	352
-85	200	1.083	102	2.161	93.293	24	528
-86	209	1.420	20	3.272	111.700	5	100
-87	214	2.200	-	3.701	142.295	93	1.190
-88	214	2.500	-	5.452	198.491	9	169
-89	276	3.000	-	6.273	192.000	T 17	-
-90	280	2.800	-	5.473	158.000	T 9	-
-91	280	2.500	-	6.000	180.000	-	-
-92	280	2.000	312	5.068	126.861	15	508
-93	288	1.860	398	5.053	133.800	352	7.700

Os Kommune.

- \* 3 konsesjonar for laks og aure 12.000 m<sup>3</sup> kvar, men ein av desse vart solgt ut av kommunen (til Tysnes) i 1993.
- \* 1 konsesjon, 250.000 stk. setjefisk av laks og aure.
- \* 3 konsesjonar for marine fiskearter, og to av desse hadde drift i 1993.

Os Kommune

År	Kons. 1000 m <sup>3</sup>	Laksey. 1000 stk.	Aurey. 1000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
	1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-90	32	280	-	850	25.000	-	-
-91	36	325	12	420	12.300	14	300
-92	36	240	12	617	18.100	10	200
-93	36	218	-	637	14.100	-	-

### Fusa Kommune.

Fusa er ein betydeleg oppdrettskommune og konsesjonsregisteret pr. 31.12.93. viser:

- \* 11 konsesjonar for laks og aure, tot. 126000 m<sup>3</sup>.
- \* 12 stk. setjefiskanlegg med samla konsesjon på 3.770.000 stk.
- \* 3 konsesjonar for marine fiskearter.

Eit av anlegga er lokalisiert med storparten av drifta til Kvam og eit anna anlegg er lokalisiert til Kvam og Jondal.

### Fusa Kommune

År	Kons. 1000 m <sup>3</sup>	Laksey. 1000 stk.	Aurey. 1000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-90	138,5	1.600	50	3.300	104.000	87 R 30	1.900 1.100
-91	138,5	1.300	50	2.750	79.960	77 R 1	1.628 33
-92	138,5	1.400	50	1.958	68.613	104	2.179
-93	126,0	1.070	-	2.684	75.654	40	865

R = Røye

### Tysnes Kommune.

Tysnes kommune viser ein særskilt aktiv oppdrettsaktivitet i 1993:

- \* 6 konsesjonar for laks og aure, 12000 m<sup>3</sup> kvar.
- \* 5 konsesjonar for setjefisk, tot. 3.000.000 stk.
- \* 2 konsesjonar for marine fiskearter.

### Tysnes Kommune

År	Kons. 1000 m <sup>3</sup>	Laksey. 1000 stk.	Aurey. 1000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-90	60	1.000	-	1.700	51.000	-	-
-91	60	700	-	2.500	75.000	T 0,34	5,7
-92	60	1.100	-	2.970	75.176	-	-
-93	72	967	-	3.596	89.582	68,0	1.420

T = Torsk

Kvam Kommune.

- \* 4 konsesjonar for laks og aure, 12000 m<sup>3</sup> kvar.
- \* 4 konsesjonar for setjefisk av laks og aure, totalt 2160.000 stk./år.
- \* 1 konsesjon for oppdrett av røye.

Kvam Kommune

År	Kons. 1000 m <sup>3</sup>	Laksey. 1000 stk.	Aurey. 1000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-90	48	400	-	1.360	40.000	-	-
-91	48	400	50	783	22.500	R 13	450
-92	48	420	44	923	24.602	105 R 80	1.632 3.120
-93	48	501	-	1.513	37.127	R 63 23	1.326 800

R = Røye

Samnanger Kommune.

- \* 1 konsesjon for setjefisk av laks og aure, 600.000 stk./år.
- \* 1 konsesjon for marine fiskearter.

Jondal Kommune.

- \* 3 matfiskkonsesjonar for laks og aure, 12000 m<sup>3</sup> kvar.
- \* 1 setjefiskkonsesjon for laks og aure, 800.000 stk./år.

Jondal Kommune

År	Kons. 1000 m <sup>3</sup>	Laksey. 1000 stk.	Aurey. 1000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
				1000 kg	1000 kr	1000 kg	1000 kr
-92	12	110	-	301	10.000	-	-
-93	36	370	-	1.241	32.066	-	-

## 7. Fiskeindustrien - mottak - foredling, aktivitet i 1993.

### Austevoll Kommune.

#### Austevoll Fiskeindustri A/S:

* rundfrysing av makrell	14.000 tonn
* laks totalt, pakka og frossen	3.400 tonn
* røykelaks, filet	22 tonn
* sild, rundfrossen	1.225 tonn
* produsert og levert oppalsfor (våtfor)	23 tonn
* levert tørrfor (lagervarer for forlevrandør)	5.200 tonn
<b>* Årsomsetnad: 145 mill. kr.</b>	

### Norsk Akvakultur A/S:

* fersk laks pakka og solgt	1.600 tonn
* fersk laks, pakka for andre	200 tonn
* røykt laks/aure og filet	120 tonn
<b>* Årsomsetnad: 60 mill. kr.</b>	

### Os Kommune:

#### Gje-Vi Røykeri A/S:

* pakking av laks og aure, noko røykt/file	3.000 tonn
* blokkfrysing av laksefilet	77 tonn
<b>* Årsomsetnad: 55 mill. kr.</b>	

### Fusa Kommune:

#### Bolaks - Osen Fiska A/S:

* pakking av laks og aure	1.000 tonn
<b>* Årsomsetnad, pakkegodtgjersle: 4,5 mill. kr.</b>	

### Holmefjord Fryseri:

\* familieverksemnd: røyking, filetproduksjon av laks og aure, med ein årsomsetnad på ca. 2,3 mill. kr.

Norway Foods A/S:

- \* nedlegging av 73.000 kasser a 100 bokser sardiner.
- \* årsomsetnad: ca. 20 mill.kr.

Tysnes Kommune:

Tysnes Fiskemottak på Våge:

- \* mottak av fisk for Vestnorges Fiskesalgsdag slik:

År	Torsk kg	Pale kg	Sei kg	Lyr kg	Hyse kg	Pigghå kg	Brosme kg	Lange kg	Annet kg
-89	23305	3331	34815	15924	5170	51031	5173	11926	6083
-90	20000	40000		-	5000	60000	5000	13000	20000
-91	11964	322	64735	20391	6080	49583	6918	28293	5182
-92	7227	145	18047	20738	4423	6990	6190	16979	2674
-93	6269	-	16400	9013	3600	-	2745	10650	2860

Av 2860 kg annet i tebellen er dette: krabbe, hummer, kveite, flyndre, skate, uer, steinbit, lysing, breiflabb, piggvar og rogn.

- \* årsomsetnad ca. kr. 450.000,-, totalfangst ca. 51 - 52000 kg.

Kvam Herad:

Hardanger Fiskeforedling A/S:

- \* pakking, frysing av laks og aure : 3.143 tonn
- \* dessutan mottak og pakking av røye: 23 tonn
- \* årsomsetnad: 19,5 mill kr.

## 8. Avleia verksemnd.

Utanom det tradisjonelle fiske, fiskeoppdrett og fiskeindustrien har Austevoll Kommune ei rekke verksemnder som i stikkordform kan nemnast:

### INDUSTRI

Austevoll Notverkstad A/S	: Ringnot, trål og mærder.
Rabben Fiskeredskap A/S	: Mærder, impregnering, tauverk m.m.
Austevoll Tvinneri A/S	: Tråd, fletta tråd.
Storebø Notbøteri	: Reparasjon av nøter.
Rabben Mek. Verksted	: Nybygg, rep., flytebrygger m.m.
Storebø Mek. Verksted	: Rep. av båtar, flytebrygger m.m.
Dalseide Shipping Services	: Rustibus, el.inst. og verksted.
ABB Installasjon	: El. styresyst. el. install. m.m.
Austevoll Elektromek. A/S	: Mek. arbeid for el. install. m.m.
Styro Austevoll A/S	: Embalasje i styropor.
Hordafor A/S	: Fiskeensilasj, ensileringsanl. m.m.
Austevoll Rør og Sanitær A/S	: Rørleggerarbeid.

### TRANSPORT

- 1 føringssåt for før.
- 4 føringssåtar m. brønn.

### KONSULENTER

FiBa Regnskap A/S	: Regnskap, investering, drift m.m.
District Offshore	: Management, oppdrett, supply.
Sea Star Internasjonal A/S	: Salg av oppdrettsfisk.

### FORSKNING, UNDERVISNING.

Austevoll Havbrukstasjon	: Forsk.stasjon. for akvakultur m.m.
Fiskarfagsskulen	: vidareg. underv., fiske, akvakult.
Austevoll Fiskeoppdrettslag	
Austevoll Fiskarlag	

## 9. Summering/Utvikling.

### 9.1. Fiskerinæringa.

Det positive resultatet frå havfiskeflåten frå Austevoll i 1993 skaper ny optimisme i næringa og gjev følgjande utslag:

- \* talet på havfiskefartøy aukar.
- \* div. ombygging av fartøy pågår og viljen til fornying er til stades.
- \* redsakp og utstyr vert rusta opp.
- \* fiskarmannatalet viser trend til auke/rekrutering.
- \* fiskaryrket er blitt attraktivt att.

### 9.2. Oppdrettsnæringa.

Fiskeoppdrettsnæringa i Austevoll hadde eit vanskeleg år også i 1993 med lave marknadsprisar. Dette gav seg utslag i:

- \* vanskar med å få økonomisk balanse i drifta.
- \* 4 - 5 lakseanlegg tok ikkje inn ny smolt i 1993.
- \* konkurranse om fisken mellom mottaksanlegga på land.

#### Positive tegn:

- \* oppdrettarane gjev ikkje opp men set ut ny fisk i årgangsonar og vonar på oppgang i marknadsprisane.
- \* nye lokale forskrifter 1992 for drift av fiskeoppdrett er etablert i Austevoll, noko som har gjeve resultat. I 1993 var det fritt for sjukdomar i anlegga.
- \* Havforskningsinstituttet sin stasjon for marin akvakultur ligg i Austevoll og sentralt i forskninga står utvikling av nye metodar for kommersiell produksjon av laks og aure, kveite, piggvar, torsk og steinbit.

### 9.3. Fiskeindustrien/mottaksleddet:

Når det gjeld motak av laks og aure så var berre 2 av 5 anlegg i drift i 1993.

Austevoll Fiskeindustri A/S og Norsk Akvakultur hadde eit relativt godt år og særleg ved Austevoll Fiskeindustri A/S var sesongen hektisk ved mottak av makrell.

### 10. Os, Fusa, Tysnes, Kvam, Samnanger og Jondal.

- \* Os Kommune har aukande fiskeriaktivitet, minkande oppdrettsaktivitet, men motaket på Gje-Vi A/S hadde eit relativt godt år.
- \* Fusa Kommune hadde stor oppdrettsaktivitet både på matfisk- og setjefisk-sida. Fiskeriaktiviteten er laber.
- \* Tysnes Kommune har aukande oppdrettsaktivitet og liten fiskeriaktivitet. Fiskemottaket på Våge fungerer likevel godt, også for tilgrensande kommunar.
- \* Kvam Kommune har trend til auke av aktive fiskarar og oppdrettsaktiviteten er noko lunde stabil. Hardanger Fiskeforedling hadde eit relativt godt år.
- \* Samnanger Kommune har kun eit setjefiskanlegg i drift og fiskeriaktiviteten er laber.
- \* Jondal Kommune har eit matfiskanlegg og eit setjefiskanlegg i drift og oppdrettsaktiviteten viser aukande trend. Kommunen har ingen fiskeriaktivitet.

Trenden for desse kommunane ber også preg av usikkerhet i oppdrettsnæringa. Med unntak av Os Kommune, så har ikkje desse kommunane noko særleg fiskeriaktivitet.

K O R T M E L D I N G      F O R      A U S T E V O L L      1 9 9 3

FISKERINÆRINGA, NØKKELTAL FOR AUSTEVOLL KOMMUNE

- \* 19 store ringnotfartøy, den største ringnotflåten i landet?
- \* overkant av 200.000 HL i totalt konsesjonsvolum.
- \* 14 av fartøya har kolmuletrålkonsesjon.
- \* 1 av ringnotfartøya er i teneste for kystvakta.
- \* 1 kombinert fartøy, 1 industritrålar (kondemnert i 1993), 1 brislingfartøy og ca. 120 mindre fartøy, sjarkar og småbåtar.
- \* overkant av 3,8 mill. hl vart oppfiska av ringnot-/kolmuletrålflåten i 1993 med:

Kolmule	27 %
Sild/Brisl.	23 %
Makrell	22 %
Lodde	28 %

- \* 339 mill. kr i fangstverde frå ringnot-/kolmuletrålflåten, pluss 6-7 mill. kr i fangstverde frå kyst- og fjordfiskefartøya.
- \* 235 fiskarar (hovudyrke), med totalt ca. 299 i fiskarmannatalet i 1993.
- \* ca. 35 år i gjennomsnittsalder for yrkesfiskarane
- \* omlag 45 % av arbeidsplassane i Austevoll er knytta til fiskeri- og fiskeoppdrettsnæringa.
- \* sjarkfiske: botngarn, drivgarnsfiske etter makrell, reketrål, krokgarn etter laks, snurpefiske etter makrell, sild og sei, samt teine- og rusefiske.



Arbeidsplassane i fiskeflåten er både aktraktive og utfordrande. Fangstmetodane er effektive og gjev høg produktivitet og kvalitet.

Fiskarane er dyktige fagfolk som veit å handtera fangstane både effektivt og skånsomt.

Trenden i havfiskeflåten viser positive teikn, god rekruttering til fiskefartøya og tiltak med ny satsing frå fleire av fiskebåteigarane som har søkt utskiftingsløyve for fartøya sine.

Statistikken for fiskerinæringa på neste side viser tydeleg denne trenden og ikkje minst er det positivt at råstoffprisane viser ein auke.

Saman med oppdrettsnæringa så viser 1993 eit fangstresultat i fyrstehandsverde, tett på 1/2 milliard kr. i Austevoll Kommune.



## FISKEOPPDRETT, NØKKELTAL FOR AUSTEVOLL KOMMUNE

- \* 25 matfiskkonsesjonar for laks og aure, men 2 av desse vart ramma av konkurs i 1993.  
19 av anlegga sette ut laksesmolt i året som gjekk, medan 1 anlegg sette ut aure. 4-5 anlegg sette ikkje ut ny fisk i 1993.
- \* Totalt oppdrettsvolum 296.000 m<sup>3</sup> ved mærdrift for laks og aure slik:


2 konsesjonar på	:	6.000 m <sup>3</sup> kvar
1 konsesjon på	:	8.000 m <sup>3</sup>
1 konsesjon på	:	24.000 m <sup>3</sup>
21 konsesjonar på	:	12.000 m <sup>3</sup> kvar
- \* 1 settefiskanlegg på 300.000 stk. pr. år.
- \* Berre 2 av 17 konsesjonar for marine fiskearter hadde drift i 1993.
- \* 5050 tonn laks og 350 tonn aure vart solgt i 1993, ein liten auke samanlikna med året før.
- \* 141,5 mill. kr. i fyrte hands omsetningeverde, også ein viss auke i forhold til året før. I tillegg kjem resultatatet frå settefiskanlegget for laks og aure og salg av marin yngel.

Oppdrettsnæringa, saman med mottak av annan fisk, har skapt store ringverknader på land i form av gode arbeidsplasser til fleire verksemnder:


- \* Ca. 150 årsverk i foredlingsleddet (første ledd på land).
- \* Av 5 industriverksemnder for mottak av oppdrettsfisk så var det berre to som hadde drift i 1993.
- \* 1 sentralforkjøkken for oppdrettsfor.
- \* 1 produsent av ensilasje/gjennvinning av fiskeavskjær m.m.
- \* Ca. 10 produsentar av anlegg og utstyr.
- \* 4 føringfartøy m. brønn.
- \* 1 føringfartøy for oppdsrettsfor
- \* Diverse andre firma som yter tenester for oppdrettsnæringa

Fiskeoppdrettsnæringa vart råka av sjukdomsutbrot og lave marknadsprisar dei siste 2-3 åra og det har ikkje vore til å unngå at enkelte anlegg måtte innstilla drifta. Men slik tabellen på neste side syner så er det ein viss optimisme i næringa att. Oppdrettslokalitetane er sjukdomsfrie og totalt sett så har oppdrettsnæringa hatt ei positiv utvikling for næringslivet i kommunen.

Fiskeoppdrettsnæringa i Austevoll, 1000 kg, matfisk, 1982 - 1993



Fiskeoppdrettsnæringa i Austevoll, Mill. Kr. matfisk, 1982 - 1993



K O R T M E L D I N G      F O R      O S   K O M M U N E      1 9 9 3

FISKERINÆRINGA:

- \* 2 store ringnotfartøy.
- \* 3 brisling bruk.
- \* 46 andre fartøy i merkeregisteret.
- \* ca. 22000 tonn oppfiska kvantum, der makrell-, lodde-, sild-, brisling- og kolmulefisket med dei to ringnotfartøya utgjer storparten av fangstresultatet på ca. 25 mill kr. (Førebelts statistikk frå Fiskeridirektoratet).
- \* 64 fiskarar (hovudyrke), med totalt 80 personar i fiskarmannatalet i 1993.
- \* Fiskeriaktiviteten i Os viser trend til auke, og det er kjærkomne arbeidsplassar på dei to ringnotfartøya som vart kjøpt inn att til Os for eit par år sidan. Nokre få sjarkfartøy frå Os dreiv også eit aktivt fiske m. not, garn, liner og teiner etter torsk, sei, hyse, lange, makrell, sild m.m.

FISKEOPPDRETTSNÆRINGA:


- \* 3 matfiskkonsesjonar for laks og aure, 12000 m<sup>3</sup> kvar, men ein av desse er i ferd med å flytta til Tysnes i 1993.
- \* 1 settefiskkonsesjon for laks og aure, 250.000 stk./år.
- \* 3 konsesjonar for marine fiskearter med minimal drift på to av desse i 1993.
- \* 737 tonn laks til ein verdi av 14,1 mill. kr. vart solgt frå matfiskanlegga frå Os i 1993.
- \* GJE-VI A/S på Lepsøy er ei nøkkelverksemnd for oppdrettsnæringa med pakking, røyking, filitering m.m. Verksemnda hadde 35 årsverk i 1993.
- \* 1 brønnfartøy for føring av fisk.

Os er ein kommune der natur- og friluftsliv har sterke interesser og det har vore vanskar for dei tre matfiskkonsesjonane å finna tilfredstillande driftslokalisitetar i Os.


Det er forøvrig vist positiv innsatsvilje for å få tilbake erstatningskonsesjon for den eine som flyttar ut av kommunen.

Tabellane på neste side viser resultatet frå fiskeoppdrettsnæringa i Os dei siste 4 åra.

Fiskeoppdrettsnæringa i Os, 1000 kg, frå 1990 - 1993.



Fiskeoppdrettsnæringa i Os, mill. kr. 1990 - 1993



K O R T M E L D I N G   F O R   F U S A   K O M M U N E   1 9 9 3

Fiskerinæringa:

- \* 2 brislingbruk.
- \* 29 andre fartøy, sjarkar og mindre åpne båtar i merkeregisteret.
- \* Fiskarmannatalet i Fusa viser 14 på blad B (hovudyrke), med totalt 24 personar i fiskarmannatalet. Nokre få av desse reiser i havfiskeflåten med fartøy frå andre kommunar.

Fiskeriaktiviteten til dei heimehøyrande fartøya frå Fusa var laber i 1993. Berre nokre få fartøy hadde aktiv drift med eit fangstresultat på 60 - 70 tonn fisk til ein fyrstehandsverdi på ca. 400.000,- kr. (Førerebels statistikk frå Fiskeridirektoratet).


Fiskeoppdrettsnæringa:

Fiskeoppdrettsnæringa i Fusa viser aktiv drift med oppdrett av laks både på matfisk- og setjefisksida.


- \* 11 konsesjonar, matfisk for laks og aure, tot. 126.000 m<sup>3</sup>.
- \* 12 setjefiskanlegg for laks og aure, tot. 3.770.000 stk./år.
- \* 3 konsesjonar for marine arter, med noko drift på eit av desse.
- \* 2744 tonn laks og aure vart solgt i 1993, til ein verdi av 76,4 mill. kr. Noko av dette vart produsert i Kvam/Jondal.
- \* 1 verksemnd i Fusa for pakking av eigen lakseproduksjon med totalt 7 årsverk.
- \* 1 familieverksemnd for filitering og røyking av laks, i alt 3 årsverk.
- \* Sardinfabrikken i Eikelandsosen med totalt 40 årsverk i 1993.

Tabellane på neste side viser matfiskdelen av oppdrettsaktiviteten i Fusa Kommune dei 4 siste åra.  
Salg av setjefisk er ikkje med.

Fiskeoppdrettsnæringa i Fusa, 1000 kg, 1990 - 1993.



Fiskeoppdrettsnæringa i Fusa, mill. kr. 1990 - 1993.



K O R T M E L D I N G      F O R      T Y S N E S      K O M M U N E

1 9 9 3.

Fiskerinæringa:

- \* 19 fartøy i merkeregisteret, sjarkar og mindre fiskefartøy.
- \* Fiskarmanntalet i Tysnes viser 9 på blad B (hovudyrke), med totalt 20 personar i fiskarmanntalet. Fleire av desse reiser med havgåande fiskefartøy frå andre kommunar.
- \* Kun få personar frå Tysnes kan visa til aktiv drift på dei heimehyrande fartøya i 1993, med not, garn, liner og teiner. Fangstresultatet var på ca. 60 - 70 tonn tonn med blanding av torsk, sei, hyse, lange/brosme, makrell sild m.m. Fyrstehandsverdien var på 3 - 400.000,- kr. (Førebels statistikk frå Fiskeridirektoratet).
- \* Tysnes Fiskemottak på Våge, som tek mot fisk for Vestnorges Fiskeusalgsdag hadde 3 årsverk i 1993.


Fiskeoppdrett:

Fiskeoppdrettsnæringa i Tysnes viser særslig aktiv drift i 1993 med oppdrett av laks både på matfisk- og setjefisksida.


- \* 6 konsesjonar for matfisk av laks og aure, tot. 72.000 m<sup>3</sup>.
- \* 5 konsesjonar for setjefisk, tot. 3.000.000 stk./år.
- \* 2 konsesjonar for marine arter.
- \* 3664 tonn laks og aure vart solgt i 1993, til ein verdi av 91 mill. kr. Noko av dette er produsert i Kvinnherad.
- \* Rexstar A/S, verksemnda for mottak av laks og aure ved Reksteren, tok opp att drifta frå november mnd. med 17 personar i fullt arbeid.

Tabellane på neste side viser resultat frå oppdrettsaktivitetene på matfisksida i Tysnes Kommune dei siste 4 åra. Produksjonen viser jevn auke frå år til år.  
Salg av setjefisk er ikkje med.

Fiskeoppdrettsnæringa i Tysnes, tonn matfisk, frå 1990 - 1993.



Fiskeoppdrettsnæringa i Tysnes, matfisk, mill.kr. 1990 - 1993



K O R T M E L D I N G   F O R   K V A M   K O M M U N E   1993

Fiskerinæringa:

- \* 14 mindre fartøy i merkeregisteret.
- \* 10 av 11 personar i fiskarmannatalet på blad B (fiske som hovudyrke). Fleire av desse reiser med havgåande fartøy frå andre kommunar.
- \* Resultatet frå dei heimehøyrande fartøya viser eit heller magert resultat på 15 - 20 tonn med blanding av sei, hyse, lange / brosme m.m. til ein fyrstehandsverdi under 200.000,- kr. (Førebelts statistikk frå Fiskeridirektoratet).

Fiskeoppdrett:


Fiskeoppdrettsnæringa i Kvam er etter kvart koment godt i gang med oppdrett av laks og aure.

- \* 4 konsesjonar for matfisk av laks og aure, kvar på 12.000 m<sup>3</sup>.
- \* 4 konsesjonar for setjefisk av laks og aure, tot. 2.160.000 stk./år.
- \* 1 konsesjon for oppdrett av røye.
- \* 1589 tonn matfisk vart solgt i 1993, til ein verdi av 39,3 mill. kr.
- \* Hardanger Fiskeforedling A/S, som tek mot oppdrettsfisk, hadde god aktivitet i 1993, med totalt 25 årsverk.


Tabellane på neste side syner oppdrettsresultatet for matfisksida i Kvam dei siste 4 åra.

Salg av setjefisk er ikkje teken med.

Fiskeoppdrettsnærøringa i Kvam, tonn matfisk, 1990 - 1993.



Fiskeoppdrettsnæringa i Kvam, mill. KR. 1990 - 1993.



K O R T M E L D I N G      F O R      J O N D A L      K O M M U N E  
1 9 9 3

Jondal Kommune har ikkje nemnande fiskeriaktivitet og berre eit mindre fartøy i merkeregisteret.

Fiskeoppdrettsnæringa er derimot komen godt i gang i Jondal.

- \* 3 matfiskkonsesjonar for laks og aure, 12.000 m<sup>3</sup> kvar.
- \* 1 setjefiskkonsesjon for laks og aure, 800.000 stk./år.
- \* 1241 tonn laks solgt i 1993, til ein verdi av 32 mill. kr.

Tabellane på neste side syner salgsresultatet frå Jondal dei siste to åra. Salg av setjefisk er ikkje med.

K O R T M E L D I N G      F O R      S A M N A N G E R  
K O M M U N E      1 9 9 3

Samnanger Kommune har nokre mindre fartøy i merkeregisteret og fiskarmannatalet viser 3 av 7 personar på blad B (hovudyrke) i fiskarmannatalet i 1993.


Fiskeriaktiviteten var ikkje nevneverdig i 1993.

Samnanger Kommune har felles fiskerinemnd med kommunane Os og Fusa.

Fiskeoppdrett:

- \* 1 konsejon for setjefisk av laks og aure, 600.000 stk./år.
- \* 1 konsesjon for marine fiskearter med litt drift i 1993.

Fiskeoppdrettsnæringa i Jondal, tonn matfisk, 1992 - 1993.



Fiskeoppdrettsnæringa i Jondal, laks, mill. kr. 1992 - 1993.

